

ÅRSMELDING 2025-2026



1. Innleiing

Skule- og barnehageåret 2025–2026 har vore prega av omstilling og vidare utvikling, der Forum for oppvekst i Sunnhordland har styrkt si rolle som regional samarbeidsarena for kvalitet og kompetanseutvikling på tvers av kommunar og fagområde.

Som ein del av denne utviklinga vart sekretariatet i august flytta frå Sveio kommune til Stord kommune. Johanne Engevik starta som FOS-koordinator i august 2025, og har i løpet av året arbeidd med å setje seg inn i dei ulike nettverka og oppvekstområda i regionen.

Forum for oppvekst i Sunnhordland legg bak seg eit aktivt år, med mange møtepunkt i dei ulike nettverksgruppene. Styringsgruppa har vedteke å etablere to nye nettverk: nettverk for barn og familie og regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling. Med dette har FOS no åtte nettverksgrupper som møtest jamleg.

Regjeringa innførte hausten 2025 nytt system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skule. Dette har prega store delar av arbeidet i FOS. Arbeidet har vore krevjande og lærerikt, og har gitt nye perspektiv på samarbeid om kvalitet og kompetanseutvikling saman med medlemskommunane, NLA, HVL og statsforvaltaren i Vestland.

Det nye systemet har òg medført endringar i tilskotsordningane for barnehage, skule og støttetenester. Dei tidlegare tre ordningane er no samla i éi, noko som gir betre føresetnader for å samordne innsatsen retta mot barn og unge i regionen.

FOS sin årlege leiarkonferanse vart gjennomført 28. oktober 2025 ved Stord konferansesenter. 149 leiarar frå oppvekstsektoren deltok til fagleg påfyll og refleksjon rundt leiarrolla og handlingsrommet i eigen organisasjon.

Styringsgruppa takka våren 2026 av Mariann Jacobsen Hillt etter mange år som medlem. Ho har no gått inn i stilling som kommunedirektør i Stord kommune. Frå desember 2025 har Siri Marie Erland vore konstituert medlem i styringsgruppa, i tillegg til rolla som fast

medlem i grunnskulegruppa. Birthe Blokhus tek over som fast medlem frå august 2026, og blir ynskt velkomen til styringsgruppa i Forum for oppvekst i Sunnhordland.

2. Organisasjon

2.1 Styringsgruppa

FASTE MEDLEM:
Mariann Jacobsen Hilt, Stord
Heidi Anita S. Solheim, Kvinnherad
Elisabeth Nygaard, Sveio
André Sæthre, Fitjar
Mona Rasmussen Sævik, Etne
Torunn Laurhammer, Bømlo

Styringsgruppa har dette skuleåret hatt i alt 13 møte, der sju har vore fysiske heildagsmøte i tillegg til seks kortare digitale møte. Det har òg vore gjennomført fellesmøte med barnehagegruppa, grunnskulegruppa og samarbeidspartnarar frå universitets- og høgskulesektoren, samt eit fellesmøte med grunnskule- og barnehagegruppa, nettverk for barn og familie og nettverk for PPT.

Styringsgruppa har handsama 29 saker knytt til strategi, økonomi og vidare utvikling av FOS. Representantar frå styringsgruppa har òg delteke i samlingar og nettverk i regi av KS, SAPT, statsforvaltaren i Vestland og Helse Fonna.

Sentrale arbeidsområde i styringsgruppa har vore:

- utvikling av samarbeid med UH-sektoren (NLA og HVL)
- planlegging og gjennomføring av leiarkonferansen 2025
- planlegging av leiar- og oppvekstkonferanse 2027
- arbeid med ny tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og skule
- regional behovskartlegging og langsiktig plan for kollektiv kompetanseutvikling
- etablering av nye nettverk og prosjekt

I februar 2026 vedtok styringsgruppa å innføre årleg rullering av rollene som leiar og nestleiar. André Sæthre tok då over som leiar etter Mona Sævik Rasmussen, etter å ha vore nestleiar sidan 2024. Heidi Elisabeth Solheim gjekk inn i rolla som nestleiar frå same tidspunkt.

2.2 Grunnskulegruppa

MEDLEM:
Siri Marie Erland, Stord
Eva Refvik, Kvinnherad
Petter Steen jr., Sveio - Leiar
Mone Nilsen, Fitjar
Gerd Toril Lindevik Arnestad, Etne - Nestleiar
Kristine Sætre, Bømlo

Grunnskulegruppa har dette året hatt 10 møte, der fire har vore fysiske heildagsmøte i tillegg til seks kortare digitale møte. Gruppa har handsama 28 saker knytt til nettverksarbeid, skulefagleg utvikling og kvalitetsarbeid.

Sentrale arbeidsområde i grunnskulegruppa har vore:

- planlegging og gjennomføring av munnleg eksamen
- rettleiing av nyutdanna lærarar
- nettverk for kompetanseheving i SFO
- oppfølging av ny tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og skule
- overgangar mellom barnehage, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande opplæring

Arbeidet i gruppa bidreg til meir samordna praksis og betre samarbeid mellom kommunane innan skulefagleg utvikling og kvalitetsarbeid.

2.3 Barnehagegruppa

MEDLEM:
Sanna Pynnönen, Stord
Signy Aa. Prestnes, Kvinnherad - Nestleiar
Hege H. Steindal, Sveio
Mone Nilsen, Fitjar - Leiar
Gerd Toril Lindevik Arnestad, Etne
Kristin Skare, Bømlø

Barnehagegruppa har dette året hatt 14 møte, der åtte har vore fysiske heildagsmøte i tillegg til seks kortare digitale møte. Gruppa har handsama 25 saker knytt til nettverksarbeid, internkontroll og tilsyn med mål om å styrkje utvikling og kvalitet i barnehagane.

Sentrale arbeidsområde i barnehagegruppa har vore:

- interkommunale tilsyn
- arbeid med lovverk og regelverksetterleving
- risikovurdering
- tilskot til toppa bemanning i barnehagen
- oppfølging av ny tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og skule

Arbeidet i gruppa bidreg til auka kvalitet og meir systematisk oppfølging av regelverk og utviklingsarbeid i barnehagane på tvers av kommunane.

2.4 Nettverk for PPT

MEDLEM:
Ingrid Helen Mjelde, Stord og Fitjar
Siv Karin Stensletten, Kvinnherad
Erling Ytterøy L'orange, Sveio
Sonja Lærdal, Etne
Birgit Esperø, Bømlo

Nettverk for PPT har dette året hatt fire digitale møte, i tillegg til deltaking i fellesmøte i FOS 20. mars. Gruppa har handsama ni saker knytt til nettverksarbeid, kompetanseutvikling og skulenærvær.

Sentrale arbeidsområde i nettverk for PPT har vore:

- førebygging og handtering av skulefråvær
- planlegging og gjennomføring av fagdagar, kurs og kompetanseheving i PP-tenesta
- samarbeid og erfaringsdeling på tvers av kommunane

Arbeidet i nettverket styrkjer det faglege samarbeidet i PP-tenesta og bidreg til meir samordna innsats i arbeidet med skulefråvær og inkluderande praksis.

2.5 Nettverk for kulturskule

MEDLEM:
Gareth Whittaker, Stord
Ailin Sanden og Kirill Zimin, Kvinnherad
Martin Jondal Mason, Sveio
Håvard Kroka, Fitjar - Leiar
Thorbjørn Tveita Reiso, Etne
Stein Høyland, Bømlo
Yngve Nikolaisen, Tysnes
Audun Alvsåker, Austevoll

Nettverk for kulturskule har hatt jamlege fysiske møte gjennom heile året, og handsama saker knytt til kvalitetsutvikling, samarbeid og nettverksarbeid. Nettverket har arrangert to fagdagar for dei tilsette i kulturskulane i Sunnhordland.

Sentrale arbeidsområde i nettverk for kulturskule har vore:

- inkludering og tilrettelegging
- kulturskulen som meistringsarena
- rekruttering
- samarbeid og erfaringsdeling på tvers av kommunane

2.6 Nettverk for vaksenopplæring

MEDLEM:
Anne Hege Rogne, Stord og Fitjar
Birte Charalambous, Kvinnherad - Leiar
Bjørn Tore Enerstvedt, Sveio
Ingemund Thorsheim Eikanes, Etne
Kari Friis, Bømlo

Nettverk for vaksenopplæring har dette året hatt seks digitale møte, og har handsama 16 saker knytt til samarbeid, utvikling og samordning av tilbodet i FOS-regionen.

Sentrale arbeidsområde i nettverk for vaksenopplæring har vore:

- samarbeid om undervisning og ressursbruk
- kompetanseheving og fagleg utvikling i personalet
- innhald, organisering og vurdering av opplæringa

Arbeidet i nettverket bidreg til betre kvalitet i opplæringa, og betre samordning av tilbod og ressursbruk i regionen.

2.7 Nettverk for barn og familie

MEDLEM:
Birthe Blokhus, Stord
Randi Pedersen, Kvinnherad
Gunnhild Staupe, Sveio
Linda Hellen, Bømlo

Nettverk for barn og familie vart etablert hausten 2025, og hadde sitt første møte i november. Nettverket har dette året hatt fem digitale møte, i tillegg til deltaking i fellesmøte i FOS 20. mars. Gruppa har handsama seks saker, og har fått hovudansvar for planlegging og gjennomføring av oppvekstkonferansen i FOS i 2027.

Eableringa av nettverket styrkjer tverrfagleg samarbeid og legg grunnlag for meir heilskapleg oppfølging av barn og familiar i regionen.

2.8 Regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling

MEDLEM:
Siri Marie Erland, skulefagleg rådgjevar - Stord
Eva Refvik, skulefagleg rådgjevar - Kvinnherad
Hege H. Steindal, barnehagemynde - Sveio
Mone Nilsen, barnehagemynde - Fitjar
Gerd Toril Lindevik Arnestad, barnehagemynde - Etne
Kristine Sætre, skulefagleg rådgjevar - Bømlo
Jonatan Gniste, hovudtillitsvald - Utdanningsforbundet
Frode Skjold, seniorrådgjevar v/lærarutdanninga - NLA
Liv Margareth Østervold, rådgjevar EVU - NLA
Trine Kielland, seniorrådgjevar FLKI - HVL
Elisabeth Totland, seniorrådgjevar FLKI - HVL
Johanne Engevik, koordinator - FOS

Regionalt samarbeidsforum for kollektiv kompetanseutvikling vart etablert som eit tverrfagleg nettverk i FOS våren 2026. Nettverket har handsama behovsmeldingar knytt til kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og skule, og kome med innstilling til prioriteringar for Styringsgruppa.

Nettverket arbeider med å utforme felles prosedyre for kollektiv kompetanseutvikling i FOS. Dette året har nettverket hatt eitt digitalt møte og to lengre fysiske samlingar.

Nettverket legg eit viktig grunnlag for meir systematisk, kunnskapsbasert og behovsstyrt kompetanseutvikling i barnehage og skule i regionen.

3. Samarbeid

Forum for oppvekst i Sunnhordland har gjennom året hatt eit breitt samarbeid for å styrkje kvaliteten i heile oppvekstsektoren.

Kjernen i samarbeidet er dei seks medlemskommunane Stord, Kvinnherad, Sveio, Fitjar, Etne og Bømlo, som saman planlegg og gjennomfører tiltak innan barnehage, skule og støttetenester for barn og unge. I tillegg samarbeider FOS med ei rekkje sentrale aktørar:

- [Høgskulen på Vestlandet \(HVL\)](#)

Kompetanseutvikling for tilsette i SFO, kompetanseheving for leiarar og andre tilsette i barnehage og skule, rettleiing for nyutdanna lærarar i barnehage og skule, samarbeid kring implementering av ny tilskotsordning, samarbeid kring kompetanseordningane, kompetanseutviklingstiltak og utvikling av utdanningstilbod.

- [NLA Høgskolen](#)

Kompetanseheving for leiarar og andre tilsette i barnehage og skule, samarbeid kring implementering av ny tilskotsordning, samarbeid kring kompetanseordningane, kompetanseutviklingstiltak og utvikling av utdanningstilbod.

- [Statsforvaltaren i Vestland](#)

Deltaking i samarbeidsforum Vestland, samarbeid knytt til utvikling og koordinering av kompetansetiltak, samt tilsyn og oppfølging for kvalitet i barnehage og skule.

- **KS**

Rettleiing og støtte til kommunane i arbeid med utviklingsprosessar, leiing og organisasjonsutvikling.

- **Helse Fonna**

Fagleg samarbeidsutval for barn og unge for å sikra heilskaplege, koordinerte og kunnskapsbaserte tenester til barn og unge på tvers av sektorar.

- **SAPT (syns- og audiopedagogisk teneste)**

Tverrfagleg samarbeid om tilrettelegging for barn med syns- og høyrse utfordringar, rettleiing til tilsette i skule og barnehage, samt fagleg støtte til kommunane.

- **Vestland fylkeskommune**

Kommunedialogen er eit samarbeid om overgangane i opplæringsløpet mellom Vestland fylkeskommune og FOS. I januar møttest rektorar og rådgjevarar frå ungdomsskular og vidaregåande skular saman med leiarar frå PPT og skuleeigarar ved Stord vidaregåande skule for å reflektere kring overgang, fullføring og alternative opplæringsløp.

- **Statped**

Statped har bidratt med kompetanseheving kring autismespekterforstyrningar for tilsette i barnehage, skule og PPT som ein del av kompetanseløftet.

- **Utdanningsforbundet**

Utdanningsforbundet har deltatt i drøftingsmøte kring overgang til ny tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og skule, samt deltatt med representant i regionalt forum for kollektiv kompetanseutvikling.

- **Fagforbundet**

Fagforbundet har vore med i drøftingar internt i medlemskommunane, og får tilsendt referat frå Styringsgruppa.

4. Kurs og kvalitetsutvikling

Kommunane har sjølve organisert planleggingsdagar for barnehage og skule dette året. Kulturskulegruppa har gjennomført ein felles planleggingsdag for tilsette i kulturskulane i regionen.

Grunnskulegruppa har, i samarbeid med HVL, gjennomført to samlingar for SFO-tilsette som del av kompetansehevingsarbeidet knytt til implementering av rammeplanen for SFO. Barnehagegruppa har gjennomført fleire fagsamlingar for barnehagestyrarar, med vekt på kvalitet, fagleg utvikling og kollektiv kompetanseutvikling.

Den årlege leiarkonferansen i FOS vart gjennomført 28. oktober ved Stord konferansesenter. Rektorar, einingsleiarar, styrarar, avdelingsleiarar, rådgjevarar og kommunalsjefar deltok til fagleg påfyll og refleksjon rundt leiarrolla. Paul Otto Brunstad utfordra deltakarane til å nytte handlingsrommet i leiarskapet til å utvikle robuste organisasjonar over tid.

Konferansen er ein viktig møteplass på tvers av kommunar og tenester, og legg til rette for refleksjon og erfaringsdeling i ein krevjande og hektisk arbeidskvardag.

Oversikt over kurs og fagdagar:

Dato	Arrangement	Deltakarar
13.08.2025	Fagdag for SFO	Alle tilsette i SFO
13.08.2025	Fagdag for kulturskule	Alle tilsette i kulturskule
23.09.2025	Webinar for nyutdanna lærarar	Nyutdanna lærarar i barnehage og skule
16.10.2025	Seminar for rettleiarar og leiarar	Rettleiarar og leiarar i skule og barnehage
28.10.2025	FOS leiarkonferanse	Leiarar på ulike nivå i oppvekstsektoren
02.12.2025	Webinar for nyutdanna lærarar	Nyutdanna lærarar i barnehage og skule

27.01.2026	Kommunedialogen	Rektorar v/ungdomsskule, rådgjevarar, kommunalsjefar
30.01.2026	Digital fagdag for SFO	Alle tilsette i SFO
30.01.2026	Interkommunal planleggingsdag	Alle tilsette i kulturskule
10.02.2026	Webinar for nyutdanna lærarar	Nyutdanna lærarar i barnehage og skule
25.03.2026	Seminar for nyutdanna lærarar	Nyutdanna lærarar i barnehage og skule
16.04.2026	Styrarsamling – kollektiv kompetanseutvikling	Barnehagestyrarar
26.05.2026	Webinar for nyutdanna lærarar	Nyutdanna lærarar i barnehage og skule

4.1 Kompetanseløftet, desentralisert og regional kompetanseordning

Som følgje av overgang til ny tilskotsordning for kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og skule, vert dei tidlegare ordningane kompetanseløftet, DEKOM og REKOM frå 2026 slått saman til éi felles ordning. Det overordna målet med ordninga er å styrkje kunnskap og kompetanse for eit likeverdig tilbod som fremjar utvikling, læring og trivsel for alle barn og unge. Tiltaka skal styrkje profesjonelle læringsfellesskap og bidra til å utvikle praksisfeltet i samarbeid med kompetansemiljø, vurdert ut frå lokale behov og medverknad i tråd med hovudavtalen. Partnerskap med universitet og høgskular skal i tillegg styrkje lærarutdanningane.

Dette året har det vore gjennomført tiltak som har fått tildelt midlar gjennom dei tidlegare ordningane frå Statsforvaltaren i Vestland:

FOS fekk tildelt totalt kr 1 333 239 til arbeid med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis i skuleåret 2025–2026. Midlane er fordelte til medlemskommunane ut frå elevtal.

FOS fekk vidare tildelt kr 1 152 718 til kompetanseutvikling på utvalde skular i regionen, fordelt ut frå definerte behovsmeldingar.

Til vaksenopplæringsfeltet vart det tildelt kr 222 557, som er nytta til kursdeltaking og kompetanseheving for tilsette i regionen.

FOS fekk òg tildelt kr 2 919 577 til arbeid med kvalitet og kompetanseheving i kommunale og private barnehagar. Av desse midlane er 30 prosent fordelt til medlemskommunane ut frå barnetal, medan 70 prosent er tildelt utvalde barnehagar basert på behovsmeldingar.

FOS rapporterer årleg til Utdanningsdirektoratet om bruk av midlane.

Samla har midlane bidratt til å styrkje kompetansen i oppvekstsektoren og lagt til rette for meir målretta og samordna utviklingsarbeid i regionen.

5. Avslutning

Forum for oppvekst i Sunnhordland står fram som ein viktig arena for samarbeid og utvikling i oppvekstsektoren i regionen. Arbeidet dette året har vore prega av omstilling, utvikling og tett samarbeid på tvers av kommunar og fagområde. Det er lagt eit solid grunnlag for vidare utvikling av kvalitet, kompetanse og heilskaplege tenester for barn og unge i åra som kjem.



Stord, 14.09.2026

Johanne Engevik

FOS-koordinator